

Kunnskapsdepartementet

Høringsnotat – forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2020

Oktober 2019

Innhald

1. Hovudinnhaldet i høyringsnotatet	3
2. Bakgrunn.....	3
3. Hovudtrekk i ordningane for tilbakebetaling av utdanningslån.....	3
4. Endra tidspunkt for rentebelasting av utdanningslån.....	4
5. Endringar i ordninga om sletting av gjeld for legar i utvalde kommunar.....	4
6. Tilbakebetalingsreglar for kvoteordninga	6
7. Heve aldersgrensa for når lånet skal vere tilbakebetalt og når lån kan bli redusert	6
8. Økonomiske og administrative konsekvensar.....	7
9. Forslag til forskriftsendringar	7

1. Hovudinnhaldet i høyringsnotatet

I dette høyringsnotatet foreslår Kunnskapsdepartementet

- å endre tidspunkt for rentebelasting av utdanningslån til første dag etter at låntakaren ikkje lenger får lån og stipend
- å oppdatere reglane for ordninga som gir rett til sletting av gjeld for legar i utvalde kommunar slik at ordninga fortsatt gjeld i kommunar som frå 2020 slår seg saman med kommunar der ordninga ikkje finst i dag
- å flytte reglane for sletting av gjeld for dei som har vore omfatta av kvoteordninga frå forskrift om tildeling av utdanningsstøtte (tildelingsforskrift) til forskrift om tilbakebetaling av utdanningsgjeld (tilbakebetalingsforskrift)
- Heve aldersgrensa for når lån kan bli redusert fra 45 til 50 år og for når lån må vere betalt tilbake frå 65 til 70 år

Første og siste forslag har budsjettkonsekvensar og er avhengig av budsjettbehandling i Stortinget. Dei to midtre forslaga inneber ikkje nokon endring i Lånekassens praksis og vil derfor ikkje ha budsjettkonsekvensar.

2. Bakgrunn

Etter reglane i dag blir renter lagt til lånet frå første månadsskifte etter at låntakaren ikkje lenger får lån og stipend. Dei fleste vil få lån og stipend fram til midten av ein månad, noko som betyr at dei fleste får ein rentefri periode på 15 dagar. Det finst derimot ikkje noko tungtvegande argument for å ha ein slik rentefri periode, og departementet foreslår derfor endringar for når utdanningslånet skal bli sett renteberande.

Endring i kommunestrukturen i Noreg frå 1. januar 2020 påverkar ordninga som gir rett til sletting av gjeld i utvalde kommunar for yrkesaktive legar. Ordninga skal bidra til rekruttering av legar til kommunar i enkelte område, og har mykje til felles med ordninga som gir rett til sletting av gjeld for dei som bur og arbeidar i Finnmark eller Lyngen, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen eller Karlsøy i Nord-Troms (tiltakssona). Nokre av dei utvalde kommunane i ordninga slår seg saman med kommunar som i dag ikkje er omfatta av ordninga. Reglane må derfor oppdaterast slik at ordninga kan fortsette slik som no.

Reglane for sletting av gjeld for låntakarar som har vore omfatta av kvoteordninga har hittil vore plasserte i tildelingsforskrifta. I samband med omarbeidinga av denne forskrifta foreslår departementet å flytte reglane til forskrifta om tilbakebetaling av utdanningslån saman med andre reglar som gir rett til sletting av gjeld.

I forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for 2020-21 foreslår departementet å auke aldersgrensene for reduksjon av gjeld og nedbetaling av gjeld. Sidan tilbakebetalingsforskriften § 3-1 tredje ledd og inneheld aldersgrenser, endrast tilbakebetalingsforskrifta tilsvarande den foreslåtte endringa i tildelingsforskrifta.

3. Hovudtrekk i ordningane for tilbakebetaling av utdanningslån

Utdanningslånet er rentefritt under utdanninga. Når studenten eller eleven ikkje lenger får lån og stipend, blir renter lagde til på lånet. Rentene er marknadsstyrte, og blir berekna etter ein modell

som er basert på marknadsrentene for bustadlån. Låntakarane kan velje mellom flytande og fast rente på lånet.

Om lag sju månader etter avslutta utdanning får studenten eller eleven den første rekninga frå Lånekassen. Dei fleste låna skal nedbetalast over 20 år, og med tolv terminforfall i året. Dersom rekninga ikkje blir betalt innan forfall, sender Lånekassen purring. Låntakarar som ikkje betaler etter den andre purringa, får lånet sitt overført til Statens innkrevjingssentral for innkrevjing.

Alle låntakarar har rett til betalingsutsetjing inntil 36 gonger utan noka særskild årsak. Det er òg etablert ordningar for å lette nedbetalinga slik at gjelda ikkje skal bli uforholdsmessig høg ved økonomiske og sosiale problem i kortare eller lengre periodar. Retten til sletting av renter er meint å vere eit sosialt sikringsnett for låntakarar med låg inntekt. Det må i så fall ha vore visse økonomiske eller sosiale grunnar til at inntekta har vore låg.

Det finst òg ordningar for sletting av gjeld for ulike grupper av låntakarar. Ordningane har som formål å auke rekrutteringa til visse utdanningar, og å gjere det attraktivt å bu og arbeide i tiltakssona i Finnmark og visse utvalde kommunar i Nord-Troms. Gjelda kan òg bli sletta heilt eller delvis dersom låntakaren blir arbeidsufør.

4. Endra tidspunkt for rentebelasting av utdanningslån

4.1 Gjeldande rett

Etter § 2-1 er utdanningslånet rentefritt så lenge låntakaren er under utdanning og får lån og stipend frå Lånekassen. Renter blir lagt til lånet frå første månadsskifte etter at låntakaren ikkje lenger får lån og stipend etter tildelingsforskrifta.

4.2 Departementet sine vurderingar og forslag

Slik perioden for lån og stipend er definert i regelverket, vil han for dei aller fleste slutte i midten av ein månad. Dei fleste har derfor ein rentefri periode på 15 dagar etter at dei er ferdig med utdanninga. For eksempel varar støtteperioden for studentar flest fram til 15. juni, og lånet blir satt renteberande frå 1. juli.

Departementet kan ikkje sjå at det finst tungtvegande argument for at det skal vere ein slik rentefri periode, og foreslår at lån blir sette renteberande frå første dag etter at låntakaren ikkje lenger får lån eller stipend.

Departementet sitt forslag

Departementet foreslår å endre § 2-1 første ledd slik at det blir lagt til renter frå første dag etter at låntakaren ikkje lenger får lån eller stipend etter forskrift om tildeling av utdanningsstøtte.

5. Endringar i ordninga om sletting av gjeld for legar i utvalde kommunar

5.1 Gjeldande rett

Etter § 9-1 andre ledd har legar som har vore yrkesaktive i tolv månader i strekk i desse kommunane rett til å få sletta delar av utdanningsgjelda :

- Troms: Gratangen, Ibestad, Torsken og Berg
- Nordland: Tysfjord, Rødøy, Nesna, Bø, Øksnes, Evenes, Vega, Flakstad, Moskenes og Andøy
- Trøndelag: Leka, Fosnes, Røyrvik, Høylandet og Lierne

- Møre og Romsdal: Aure

Etter denne ordninga kan ti prosent av den opphavlege lånesummen slettast ved avslutta utdanning, med ei øvre grense på 25 000 kr årleg. Arbeidet må tilsvara minst 50 prosent av fulltidsarbeid. Ordninga fungerer som for låntakarar i tiltakssona i Finnmark og Nord-Troms som får sletta gjeld, sett bort frå at ho er avgrensa til legar og at det ikkje stillast krav om at legen skal bu i den kommunen som er omfatta av ordninga. I denne ordninga er det berre krav om arbeid i kommunen.

5.2 Departementet sine vurderingar og forslag

Av dei 20 kommunane som er omfatta av ordninga, skal Torsken og Berg i Troms, Tysfjord i Nordland og Fosnes i Trøndelag, frå 1. januar 2020 slå seg saman med desse kommunane som ikkje er omfatta av ordninga:

- Torsken og Berg i Troms slår seg saman med Lenvik og Tranøy kommunar.
- Tysfjord kommune delast i to og slår seg saman med høvesvis Narvik og Ballangen kommunar og Hamarøy kommune.
- Fosnes kommune slår seg saman med Namdalseid og Namsos kommunar.

Fylka Troms og Finnmark slår seg òg saman og får namnet Troms og Finnmark.

Som følgje av desse samanslåingane må reglane for ordninga i forskrifta endrast. For tiltakssona har regjeringa avklart at dei personretta ordningane skal vidareførast ved eventuelle samanslåingar mellom kommunar innanfor og utanfor Finnmark og Nord-Troms. Samanlikna med ordninga for tiltakssona er ordninga som gir rett til sletting av gjeld for legar svært lite brukt, men har eit liknande formål som ordninga for personar i tiltakssona: begge skal bidra til rekruttering av arbeidskraft. Som ei personretta ordning foreslår Kunnskapsdepartementet derfor at ordninga som gir rett til sletting av gjeld for legar, blir vidareført som i dag i tråd med dei same kommunegrensa som gjaldt før samanslåingane.

Forslaget vil innebære at dei legane som søker om sletting av lån for yrkesaktivitet innanfor ein av dessa kommunane må dokumentere at dei har arbeidd minst 50 prosent innanfor den gamle kommunegrensa. Dette vil krevje at både legen og arbeidsgjevaren til legen i ein noko større grad må holde oversikt over kor arbeidet utførast, men departementet meiner at dette ikkje kan reknast som særleg tyngjande for legane eller arbeidsgjevarane.

I § 9-3 første ledd bokstav f står det at ein må ha vore rekna som yrkesaktiv *av fylkeslegen*.

Lånekassen har hatt ein praksis der dei godtar at kommunen kan bekrefte yrkesaktiviteten til legane, sidan det er kommunane som er arbeidsgjevarar til legar omfatta av ordninga. Departementet foreslår at eit slikt dokumentasjonskrav heller presiserast i ein merknad til føresegna og derfor fjernast frå føresegna.

Departementet sitt forslag

Departementet foreslår å legge til at ordninga om sletting av gjeld i § 9-1 andre ledd også gjeld låntakarar som har vore yrkesaktive legar i dei tidlegare kommunane Torsken og Berg i Troms og Finnmark, Tysfjord i Nordland og Fosnes i Trøndelag. Departementet foreslår også at kravet om at legen blir rekna som yrkesaktiv av fylkeslegen i § 9-3 første ledd bokstav f, fjernast. Se forslag.

6. Tilbakebetalingsreglar for kvoteordninga

6.1. Gjeldande rett

Reglar for sletting av gjeld for statsborgarar frå utviklingsland, landa på Vest-Balkan, land i Aust-Europa og Sentral-Asia (kvoteordninga) finnast i dag i tildelingsforskrift §§ 49-1 til 49-4. Under denne ordninga har studentar som er tekne opp ved ein høgskule eller eit universitet i Noreg etter dei vilkåra som Kunnskapsdepartementet har fastsett for kvoteordninga, rett til å få sletta studiegjelda når dei flytter tilbake til heimlandet sitt og busett seg der. Dersom låntakaren blir buande i Noreg eller eit anna land enn heimlandet etter avslutta utdanning, fell retten til å få sletta gjeld etter denne ordninga bort, og reglane for tilbakebetaling av utdanningslån vil gjelde.

6.2 Departementet sine vurderingar og forslag

Departementet har omarbeidd heile forskrifta om lån og stipend til utdanning som vil gjelde frå hausten 2020. Som ein del av dette arbeidet, meiner departementet at det er mest naturleg at reglar om sletting av gjeld for dei som er omfatta av kvoteordninga plasserast saman med andre reglar om sletting av gjeld i tilbakebetalingsforskrifta.

Departementet sitt forslag

Departementet foreslår at reglane om sletting av gjeld for kvoteordninga flyttast frå tildelingsforskrift §§ 49-1 til 49-4 til forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån. Se forslag til nytt kapittel 12.

7. Heve aldersgrensa for når lånet skal vere tilbakebetalt og når lån kan bli redusert

7.1. Gjeldande rett

Utdanningslånet skal vere betalt tilbake innan søkaren fyller 65 år. På grunn av dette kan søkarar som blir over 45 år innan utdanninga er fullført, få redusert utbetaling av lån. Det er satt et gjeldstak på 500 000 kroner ved 45 år. Gjeldstaket reduserast med 25 000 kroner for kvart år utover fylte 45 år, slik at maksimal gjeld for ein som blir 55 år ved avslutta utdanning vil vere på 250 000 kroner. Dette inneberer at en 55-åring med 100 000 kroner i studiegjeld frå før, og som søker lån og stipend til en toårig fulltidsutdanning maksimalt vil kunne låne 75 000 kroner per år ($[250\,000 - 100\,000]/2 = 75\,000$). Den delen av basisstøtta som kan gjerast om til utdanningsstipend blir inkludert i lånet. I tillegg har søkaren rett til eventuelle stipend.

7.2 Departementet sine vurderingar og forslag

Aldersgrensa for når lånet skal vere tilbakebetalt har lege fast i fleire år. Over tid har levealderen auka, og pensjonsreglane i folketrygda har som følge av dette blitt endra slik at det er lønnsamt å stå lengre i arbeid. Auka levealder kombinert med at omstillingstakta i arbeidslivet aukar, gjer at folk treng å oppdatera kompetansen sin gjennom heile livet. Departementet meiner aldersgrensen på 65 år for når lånet skal vere tilbakebetalt er blitt for lav. Aldersgrensa må følge samfunnsutviklinga slik at utdanningsstøtteordninga kan oppfylle målet om å skaffe samfunnet og arbeidslivet nødvendig kompetanse.

Formålet med utdanningslånet er at låntakeren skal kunne komme i arbeid etter endt utdanning. Hensynet til at den enkelte ikkje pådrar seg gjeld som ikkje kan betalast tilbake når låntakeren nærmer seg pensjonsalder tilseier, etter departementet si vurdering, at det fortsatt bør vere aldersgrenser både for når lånet skal vere betalt tilbake og i tillegg et tak for maksimal gjeld som er tilpassa føresetnadene for å betale tilbake. Aldersgrensene trenger likevel å justerast opp, og departementet foreslår å heve begge grensene med fem år. Aldersgrensen for når lånet skal vere betalt tilbake blir dermed 70 år, og aldersgrensen for når lånet kan bli redusert blir dermed 50 år. Forslaget vil gi alle over 45 år tilgang til mer lån enn i dag. Søkjarar mellom 45 og 50 år vil ikkje få redusert lånebeløpet.

Departementet sitt forslag

Departementet foreslår å heve aldersgrensa for når lånet skal vere tilbakebetalt til 70 år og når lån kan bli redusert til 50 år. Se forslag til endringar i § 3-1 *tredje ledd*

8. Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget om å endre tidspunkt for rentebelasting av utdanningslån fører til redusert behov for løyving til utdanningsstøtte i 2020. Forslaget er omtalt i Prop. 1 S (2019-2020) for Kunnskapsdepartementet.

Forslaga om endringar i ordninga for sletting av gjeld for legar og om å flytte reglane for kvoteordninga frå tildelingsforskrifta til tilbakebetalingsforskrifta inneber ingen endring i eksisterande praksis og vil ikkje påverke løyvingsbehovet til dei aktuelle delane av utdanningsstøtteordninga.

Endringa i ordninga for sletting av gjeld for legar i utvalde kommunar vil krevje at søkjarane må be fylkeskommunen/kommunen stadfeste at minst 50 prosent av arbeidet fann stad innanfor den gamle kommunegrensa. Dette reknast ikkje som særleg tyngjande verken for låntakarane eller fylkeskommunane/kommunane. Lånekassen behandlar allereie søknader om sletting av gjeld for legar manuelt, og det vil dermed ikkje vere behov for utvikling av nye tekniske løysingar på bakgrunn av endringa.

9. Forslag til forskriftsendringar

Departementet foreslår å gjere følgjande endringar i forskrifta om tilbakebetaling av utdanningslån for 2020.

Endra § 2-1 første ledd:

Utdanningslånet er rentefritt under utdanninga. Det blir lagt til renter frå første dag etter at låntakaren ikkje lenger får lån eller stipend etter forskrift om tildeling av utdanningsstøtte.

Endra § 3-1 tredje ledd

Lånet skal vere nedbetalt innan låntakaren fyller 70 år. For låntakarar over 50 år blir terminbeløpa auka slik at nedbetalingstida blir maksimalt 20 år.

Endra § 9-1 andre ledd:

Utan omsyn til bustad omfattar ordninga òg låntakarar som i tolv månader i strekk har vore yrkesaktive legar i desse kommunane:

Troms og Finnmark: Gratangen og Ibestad

Nordland: Rødøy, Nesna, Bø, Øksnes, Evenes, Vega, Flakstad, Moskenes og Andøy

Trøndelag: Leka, Røyrvik, Høylandet og Lierne

Møre og Romsdal: Aure

Ordninga gjeld òg låntakarar som har vore yrkesaktive legar i dei tidlegare kommunane Torsken og Berg i Troms, Tysfjord i Nordland og Fosnes i Trøndelag.

Endra § 9-3 første ledd bokstav f:

f) hadde arbeid som lege i ein av dei utvalde kommunane nemnde i § 9-1 andre ledd.

Nytt kapittel 12

Kapittel 12. Sletting av gjeld for statsborgarar frå utviklingsland, landa på Vest-Balkan, land i Aust-Europa og Sentral-Asia (kvoteordninga)

§ 12-1 Vilkår for å få sletta gjeld

Låntakarar som har vore tekne opp ved ein høgskule eller eit universitet i Noreg etter vilkåra for kvoteordninga, kan få sletta lånet dei har fått under ordninga når dei reiser tilbake til heimlandet for å busetje seg varig der.

Låntakarar som ikkje er busette i heimlandet etter avslutta utdanning, kan likevel få sletta gjeld etter første ledd dersom humanitære grunnar som krig, alvorleg uro eller forfølgning hindrar busetjing i heimlandet. Låntakaren skal vere busett i eit anna land som har vore omfatta av kvoteordninga.

§ 12-2 Tilbakevending til Noreg

Dersom låntakaren vender tilbake til Noreg innan ti år etter vedtak om sletting av gjeld etter kvoteordninga blei treft, blir vedtaket oppheva.